



SULDAL
K O M M U N E

Skattkammeret
Suldal

**Kommunestyret sitt vedtak
Sak 94/22 15.12.2022**



Innhald

| | |
|---|-----------|
| Kommunedirektøren si innleiing | 3 |
| Utviklingstrekk | 4 |
| Ein handlekraftig og kompetent organisasjon | 7 |
| Planprosessen..... | 9 |
| Tenestesamarbeid | 10 |
| Nøkkeltal | 11 |
| Innspel frå verksemder, lag og organisasjonar | 14 |
| Særlege tiltak i budsjett og handlingsprogram | 18 |
| Økonomiplan 2023-2026..... | 21 |
| Inntekter | 25 |
| Utgifter..... | 28 |
| Investering | 31 |
| Resultat | 39 |
| Handlingsprogram 2023-2026..... | 41 |
| 1. Å leva, bu og trivast..... | 42 |
| 2. Attraktive Suldal | 48 |
| 3. Grøne Suldal | 55 |
| 4. Nyskapande arbeidsgjevar | 58 |
| Budsjettkjema | 62 |
| Spørsmål og avklaringar fram mot formannskap/ kommunestyre | 70 |

Blå skrift: endring i kommunestyret i forhold til kommunedirektøren sitt framlegg-

Kommunedirektøren si innleiing



Mot framtidas Suldal

Etter 2 år med pandemi og global unntakstilstand står verda i ein ny krevjande situasjon med energikrise og krig som pregar heile samfunnet. Arbeidsmarknaden er under stort press som følgje av færre i yrkesaktiv alder i Europa, Noreg og Suldal.

Nedgang i barnetal i Suldal er ein realitet og tal eldre vil stige. Om få år er det fleire pensionistar enn barn under 17 år i Suldal. Rammene over statsbudsjettet blir strammare og vil bli meir uføreseielege enn før. Kommunedirektøren har difor hatt fokus på å unngå auke i drifta i økonomiplanperioden.

Suldal er likevel i ein særskild god posisjon for å kunne snu nedgang til oppgang. Store næringsinitiativ av nasjonal tyding vil kunne gi ein stor vekst i arbeidsplassar og bidra til stor verdiskaping i regionen. Realisering av tomter, satsing på aktivitet i grendene og eit framtidas kommunesenter er viktige tiltak i økonomiplanen som svarar ut dette. Det er likevel viktig at me definerer ein ansvarleg og berekraftig Suldals-standard for tenestene og held fram med å byggja opp bufferar som dempar sviningane i kraftinntekter.

Suldal kommune har store inntekter på sal av konsesjonskraft i år. Signala er sterke på at regjeringa no ønskjer sin del av kaka, noko som vil få konsekvensar i form av rammetrekks på om lag 96 mill kr for Suldal allereie neste år. Vedteke måltal for netto driftsresultat er 4,5% eller meir. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn netto driftsresultat 9,3% for 2023, 11,8% for 2024, 11,3% for 2025 og 7,7% for 2026. Med dette som bakteppe har ein i budsjett og økonomiplan 2023-2026 føreslege å halda lånegrada låg og i stor grad-finansiera

planlagde store investeringar som ny sjukeheim, Vinjarheim, føremålbygg for brann/redning og Rygjatun med auka i kraftinntekter og bruk av avsette midlar til investeringar frå disposisjonsfond. Vedteke måltal for Suldal er eit gjeldsnivået under 65% av brutto driftsinntekter, talet for 2026 er 44%. Det er ikkje lagt opp til låneopptak til investeringar i starten av økonomiplanperioden.

Krysspunkt 2025 handlar om at framtidas offentlege tenester vil skje med færre hender. Både lokalt og nasjonalt vil det bli større konkurranse om kompetanse, og dette vil utfordra tenestekvaliteten for innbyggjarane. Det vil vera viktig for å organisera nokre av tenestene på nye måtar, særleg gjeld dette oppvekst og helse- og velferdsområdet. Dette vil vera krevjande både for folkevalde, tilsette og innbyggjarar.

Å sikra at me tek i bruk ny og rett teknologi og at me aukar kompetansen er viktige tiltak i budsjett og økonomiplan 2023-2026. Vidare foreslår kommunedirektøren å ta tydelege grep for å auke attraktivitet og legga til rette for vekst gjennom 3 ulike tiltakspakkar; 1. *Suldalspakken – for å trekka til oss besøkande og nye innbyggjarar 2. Innbyggjarpakken for å bygga opp under å bu og trivast og 3. Klima- og miljøpakken for å utvikla oss som berekraftig lokalsamfunn.*

Budsjett og økonomiplan 2023-2026 har ein profil der innbyggjaren er ein ressurs og lagspelar. Eit godt døme er framlegg om kommunalt tilskot til i eit stort nærmiljøanlegg på Suldalsosen til glede for alle innbyggjarar. Vidare vil kommunedirektøren gjennom meirope kulturhus og meirope bibliotek leggja til rette for at lag og organisasjonar kan nyttja kulturhus og bibliotek også når tilsette ikkje er til stades. Slik kan kommune og lag/organisasjonar saman bidra til at Suldølen bur og trivst endå betre i lokalsamfunnet.

Budsjett og økonomiplan 2023-2026 er eit resultat av bidrag frå leiarar og tilsette sine representantar. Kommunedirektøren vil retta ei stor takk til alle som har engasjert seg i det viktige lagarbeidet, og ønskjer folkevalde lukke til i det vidare arbeidet.

Utviklingstrekk

I dette kapitelet vil kommunedirektøren trekka fram overordna utviklingstrekk som ein må ta høgde for i åra framover.

Straumprisen

I dag er energiprisen høg både her i landet og nedover på kontinentet. Situasjonen vil vare ved til Europa har funne alternativ til russisk energi. I 2022 blei også straumprisen pressa opp av det var det tørraste året i Sør-Noreg på 21 år (per september).

Ein høg straumpris er isolert sett bra for Suldal kommune sidan me tener pengar på å selje kraft. Ein *for høg* straumpris kan likevel ha negative konsekvensar for hushald, næringsliv og busettinga i kommunen. I tillegg kan ein *for høg* straumpris føre til at regelverket for kraftinntekter kan bli endra i kommunen sin disfavør. I statsbudsjettet for 2023 er det framlegg om å redusera rammetilskotet til kraftkommunane. Forslaget er eit eittårig rammetrekk.

Klima

Kloden blir varmare og været blir meir ekstremt. Ein må redusera utsleppa av klimagassar for å stoppa utviklinga. Det er fokus på fornybar energi, energieffektivisering og berekraftig ressursbruk (sirkulærøkonomi). Energikrisa i Europa har ført til ei formidabel satsing på fornybare kjelder som vind og sol. Det påverkar også Suldal.

- Det blir vurdert om steinbrotet på Jelsa i Suldal kan vere industrianlegg for bygging av vindturbinar.
- Vassmagasina i Suldal kan gje straum når det er vindstille og lite sol i Europa. Det blir vurdert å installere meir effekt (større magasin og pumpekraft) i Suldal for å kunne produsere meir når behovet er størst.

Desse forslaga må ein vurdera opp mot naturinngrep, bevaring av naturmangfaldet og moglege avbøtande tiltak.

Rente og inflasjon

Høge energikostnader kombinert med høgt aktivitetsnivå i næringslivet og press i arbeidsmarknaden presser opp inflasjonen. Høg inflasjon kan føre til ustabil økonomi og finansiell ubalanse, så ein vil ha inflasjonen ned. Inflasjonen siste 12 månadar (august) var på 6,5%; 4,7% justert for energivarer og

avgiftsendringar. Norges Bank har eit langsigkt inflasjonsmål på 2%. For å nå det målet har dei sett opp renta med 0,5% i august og september. Det er signalisert om ytterlegare renteoppgang det neste året. For dei som har store lån, vil auka rentekostnader bli utfordrande.

Beredskap

Russland sin invasjon av Ukraina, koronapandemien og tørke i Europa har vist oss at verda no er sårbar. Koronaviruset lamma heile verda. Mangel på kornleveransar frå Ukraina kan føre til svolt i Afrika. Dyr straum fører til at mange i Europa ikkje vil ha råd til å varme opp huset sitt i vinter. No er mange redde for at Kina vil invadere Taiwan, det kan til dømes føre til mangel på microchip i verda noko som vil påverke alt i frå bilproduksjon til mobilbruk. Noreg har vore skåna frå dei verste hendingane, men ei meir usikker verd vil også påverke oss.

Digitalisering

Digitaliseringa av samfunnet går raskare og raskare. Berekraftig utvikling og å vinne tillit hjå innbyggjarane i demokratiske prosessar er viktige delar av arbeidet. Etikk, sikkerheit, og digital transformasjon stiller i tida framover store krav til oss som offentleg aktør.

Ein meir digitalisert kvardag er eit gode for nokon og ei utfordring for andre. For dei fleste er det eit gode. Her kjem nokre døme. Foreldre kan ha direkte dialog med skulen via nett, før var det vanskeleg med direkte kontakt. Heimetenesta kan kople seg opp direkte med brukarar via nettbrett. Teknisk drift kan styre straumen i kommunale bygg via app. Innbyggaren kan bestille time på nett eller finne informasjon om siste reguleringsplan på nett. Men enkelte fell utanom. Det er fleire, spesielt eldre, som ikkje greier å følgja med på den digitale utviklinga og som er avhengig av andre for å kunne bestilla enkle tenester. Det finst unge, som erfarar at nettbruken gå utover sosialt samvær, fysisk aktivitet og søvn. Dette må vi følgje med på.

Kommunebarometeret

Suldal kommune ligg på plass 206 av 346 kommunar i den endeleg utgåva av Kommunebarometeret 2022 utgitt av Kommunal rapport.



| Suldal | 2021 | 2022 | Kommentar |
|--------------------|------------|------------|--|
| Grunnskule | 256 | 54 | Elevane har høgt meistringsnivå. Me scorar lågt på lærarkompetanse og trivsel. Det er utfordrande å skaffe nok bemanning med rett kompetanse |
| Pleie og omsorg | 2 | 13 | Scorar bra jamt over |
| Barnevern | 20 | 122 | Scorar bra jamt over med unntak av brukarundersøkinga. |
| Barnehage | 263 | 296 | Mange tilsette manglar pedagogisk utdanning. Få menn. Elles bra. |
| Helse | 211 | 308 | Scorar dårlig blant anna på grunn av opne fastlegelister |
| Sosial | 162 | 184 | Mange på sosialhjelp i forhold til andre kommunar. Elles bra. |
| Kultur | 9 | 47 | Jamt over bra. |
| Miljø og ressurser | 80 | 159 | Høgt areal formålsbygg/energibruk per innbyggjar. Elles bra. |
| Saksbehandling | 311 | 25 | Jamt over bra |
| Vatn og avlaup | 115 | 266 | For få målingar av vasskvaliteten gjer at me scorar dårlig. Vasskvaliteten er god. |
| Økonomi | 6 | 1 | Høg straumpris og god økonomistyring |
| Kostnadsnivå | 349 | 344 | Høgt aktivitetsnivå/kostnadsnivå på alle områder. Høgast innan pleie/omsorg, lågast innan barnevern. |
| Totalt | 194 | 206 | |

Folketalsutvikling

I SSB si befolkningsframkriving frå 2022 står det at det vil bli lågare folkevekst, eldre befolkning, låge fødselsoverskot og lågare innvandring. Det vil også gjelde Suldal kommune og i sterkare grad. Om få år er det fleire pensjonistar enn barn under 17 år i Suldal. Suldal vil få markant fleire 80-åringar og 90-åringar når me nærmar oss 2040. Det heng saman med store fødselsoverskot etter

krigen. I tillegg er det forventa at me blir eldre. I 2040 er forventa levealder 87 år mot 83 år i dag.


Barnekulla har blitt mindre. Familiar vel å få færre barn enn tidlegare. For å oppretthalde befolkningsnivået vil ein mest sannsynleg vere avhengig av auka innvandring til kommunen.



Ein handlekraftig og kompetent organisasjon

Kommunedirektøren tek med seg dei to hovudutfordringane som følger av årsmeldinga for 2021.
Budsjett og økonomiplan skal i sin heilskap svare ut desse utfordringane.

Framtidas offentlege tenester -Krysspunkt 2025



SSB si befolkningsframskrivning viser at det blir fleire eldre og det blir født mindre barn fram mot 2040. Allereie i 2030 vil omsorg ha behov for 30 ekstra årsverk dersom me held fram som i dag. Samtidig blir eldre friskare og levealderen vil auka. I 2025 vil det vera eit krysspunkt i Suldal kommune kor berekna utgiftsbehovet går vesentleg opp i pleie og omsorg og fortsett nedover i oppvekst. Kommunedirektøren har sett ned gruppe med deltakarar frå oppvekst, helse og velferd, økonomi og organisasjon og tillitsvalde. Gruppa har jobba med å skaffe grunnlagsdokumentasjon og vil jobbe vidare med framlegg til tiltak. I planperioden vil kommunedirektøren naudsynt iverksetja omstilling for at ein skal kunne møte framtidas behov både i oppvekst og i pleie og omsorg.

Kompetanse og kvalitet

Framtidas oppvekst

Samfunnet er i stadig utvikling med mange nye krav til kommunane for å gi gode tenester med høg kvalitet. Barnehage og skule har ei sentral rolle i barn og unge sin oppvekst, og spelar ei viktig rolle i alle lokalsamfunn. Mykje av livet til barn og unge blir forma i barnehagen og skulen. Her har kommunen eit stort ansvar for at dei blir tatt godt vare på og tida blir brukt på best måte. Barnehagane og skulane skal danna og utdanna barn, elevar og vaksne for livet, og utvikla kompetansen som samfunnet og arbeidslivet har behov for i dag og i framtida. Våre barn og unge må møte kvalifiserte, kompetente tilsette kvar dag.

For at ein skal kunne møte framtidas lovkrav i barnehage og skule i lys av demografi og kvalitet er ein nøydd til å tenke nytt og framtdsretta for ein framleis robust oppvekstsektor i Suldal.

Slik situasjonen er i dag har me barnehagar og skular som er sårbare med tanke på gruppestørleik og kvalifisert personell. Barn og unge har rett til å vere ein del av eit trygt og godt leike -og læringsmiljø.

Eit trygt og godt leike og læringsmiljø er prega av barn og unge som opplever å høyra til, og å vere ein betydningsfull person i fellesskapet (Lund, Helgeland og Covac 2017). Kommunedirektøren trur det kan vere naudsynt å legga til grunn minstestorleik på barnehage og skule for å nå lovkravet når det gjeld retten til sosialt og fagleg miljø for barn og unge.

Suldal kommune tilpassa drifta for eit synkande barnetal i perioden og dette medfører reduserte statlege inntekter.

Det førebyggande arbeid gjennom BTI (betre tverrfagleg innsats) vil vidareførast. «Laget rundt barnet» jobbar for felles fokus mellom tenesteområda, dette for at alle barn og unge skal bli sett og hørt.

Regjeringa har utarbeida ein strategi for kompetansekrav i barnehage og skule.

| Område | Strategi og krav |
|-----------|--|
| Barnehage | Minst 50 prosent av dei tilsette i barnehagen skal være barnehagelærarar |
| | Minst 25 prosent av dei tilsette i barnehagen skal være barne- og ungdomsarbeidarar |
| | Andelen styrer og barnehagelærarar med mastergrad i barnehagen aukar |
| | Alle tilsette i barnehagen får moglegheit til kompetanseutvikling |
| | Alle barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling |
| Skule | Kompetansekrav for å undervise på barnetrinnet 30 stp i norsk, engelsk og matematikk |
| | Kompetansekrav for å undervise på ungdomskulen 60 stp i norsk, engelsk og matematikk. 30 stp i resterande fag forutan <u>valfaga arbeidslivsfag og utdanningsval</u> . |
| | Kompetansekrav på 30 stp spesialpedagogikk, samt utdanning i faget det skal undervisast i. |
| | Alle tilsette i skulen får moglegheit til kompetanseutvikling |
| | Alle skular utviklar sin pedagogiske praksis gjennom skulebasert kompetanseutvikling |
| | Frå 1. august 2025 vil kravet om relevant kompetanse for å kunne undervisa norsk, engelsk og matematikk gjelda alle fast tilsette lærarar. |

Organisering av framtidig legevaktteneste

Suldal kommune driftar i dag eiga legevakt bemanna av fastlegar. Dette krev høg vaktbelastning og gir slitasje på legeordninga slik den er i dag. Legevakta omfattar seks legar som i snitt har legevakt oftare enn ein gong per veke. Frå måndag kl.08.00 til neste måndag kl.08.00 skal legevakta bemannast med totalt 120 timer utanom ordinær arbeidstid. Kommunedirektøren får tydeleg tilbakemelding om at vaktbelastninga er for høg. Organiseringa slik den er i dag vil kunne påverke tenestetilbodet til innbyggjarane negativt.

Det er difor vanskeleg å halde fram med dagens ordning av legevakt. Kommunedirektøren vil vurdere ulike grep for å behalde fastlegar og sikre gode legetenester til innbyggjarane, også interkommunalt samarbeid. Ei eiga sak til kommunestyret vil belyse ulike måtar å drifta legevakt på.

Organisering av fastlegeordninga

Det er budsjettert for 7,8 årsverk fast stilling lege.

Grunna utfordringa med å rekruttere fastlegar må ein framleis nytte vikarbyrå. Bruken av vikartenester har vesentleg høgare kostnad enn faste stillingar. Mangelen på fastlegar i landet gjer det også vanskeleg å rekruttera /leige vikarlegar. Det blir jobba med rekruttering. Det er ikkje lagt opp til ei auke i ramma til eining Helse utover lønsoppgjerset, men ein er avhengig av at ein klarer å rekruttera legar dersom den økonomiske ramma skal halde.

Planprosessen

Suldal kommune skal vedta den nye kommuneplanen i desember 2022. Årsbudsjett og handlingsplan bygg på forslag til kommuneplan. Måla og hovudstrategiane frå kommuneplanen er direkte overførde til handlingsplanen, det er og knytt direkte tiltak til fleire av måla i dette framleget.


Kommunedirektøren vil i to tertialrapportar i løpet av 2023 rapportera til kommunestyret korleis økonomien utviklar seg og korleis det går med gjennomføring av tiltaka, den første tertialrapporten har fokus på økonomi.

I desse to sakene kan kommunestyret vedta endringar i budsjettet eller vedta endringar i korleis tiltaka skal gjennomførast.

Etter årsslutt vil kommunedirektøren legga fram årsmelding og rekneskap, og her vil det bli gitt grundig tilbakemelding på korleis måloppnåinga har vore.

Vidare framdrift i budsjettprosessen

- 2. november: Kommunedirektøren legg fram sitt forslag
- 21. november: Handsaming i AMU
- 14. november: Handsaming i ungdomsrådet
- 14. november: Handsaming i eldreråd og råd for funksjonshemma
- 17. november: Handsaming i LMT-utvalet
- 16. november: Handsaming i Levekårsutvalet
- 22. november: Handsaming i ADMU
- 21-22. november: Handsaming i formannskapet
- Innstilling lagt ut til offentleg ettersyn 14 dagar før handsaming i kommunestyret
- 15. desember: Handsaming i kommunestyret



Tenestesamarbeid

| Samarbeid | Om samarbeidet |
|--------------------------------|--|
| Indre Ryfylke barnevern | Barnevern saman med Sauda. Det er Sauda som er vertskommune. |
| Indre Ryfylke PPT | PPT-tenesta saman med Sauda. Det er Suldal som er vertskommune |
| Miljøretta helsevern | Sauda driv på vegne av Suldal, Etne og Vindafjord. Tenesta har ansvar for tilsyn og godkjenning av institusjonar. |
| Følgjeteneste for jordmor | Saman med Sauda |
| Landbruksrådgjevar | Saman med Sauda |
| Skjenkekontroll NoRoSun | Sauda driv på vegne av fleire kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordaland |
| Ryfylke IKT | Kommunalt oppgåvæfellesskap (sjå kommunelova § 19-1). Kommunane som er med i fellesskapet er Suldal, Hjelmeland, Sauda og Strand |
| Haugaland brann og redning IKS | Eit samarbeid mellom 9 kommunar på Haugalandet og i Ryfylke. * |
| NAV-kontoret | Felles leiar med Sauda og med dei statlege tenestene |
| IVAR | Her deltek me som ei gruppe saman med Strand og Hjelmeland kommunar (Ivar Renovasjon Ryfylke) |

I tillegg deltek kommunen i fleire andre IKS som driv med arkiv, krisenter, revisjon, sekretariat for kontrollutvalet og regional utvikling.

Kommunen har i tillegg ei rekke med samarbeidsavtaler for lengre eller kortare periodar.

Suldal kommune er også med i fleire interesseorganisasjonar.

* Oppsagt med verknad frå 1.6.2023

Nøkkeltal


Her finn du nokre nøkkeltal for Suldal kommune. Tala er henta i frå SSB/Kostra eller kommunen sine eigne tal. Dersom ikkje anna er opplyst, er det KOSTRA-tal frå SSB som bli presentert.

KOSTRA = KOmmune-STat-RApptering) som gir styringsinformasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Landet = tal for landet utan Oslo.


På enkelte områder har ein satt eit mål. Målet er ikkje bindande, men skal vise retning.

Nøkkeltal tenester


| Nøkkeltal | Landet Suldal | | | | | MÅL |
|---|---------------|---------|---------|---------|------|-----|
| | 2021 | 2019 | 2020 | 2021 | 2026 | |
| Personal | | | | | | |
| % sjukefråvær (tal AMU) | | 9,9 | 7,3 | 7,2 | 6,5 | |
| % menn i kommunen | | 20,0 | 16,0 | 18,0 | | |
| % gjennomsnittlig stillingsstorleik per tilsett alle | | 74,0 | 81,3 | 82,0 | | |
| | Landet Suldal | | | | | MÅL |
| Barnehage | 2021 | 2019 | 2020 | 2021 | 2026 | |
| % tilsette med barnehagelærerutdanning | 42,7 | 38,3 | 40,5 | 37,8 | 50 | |
| % styrarar og ped. leiarar med godkjent bhg.utd. | 95,7 | 85,7 | 92,6 | 86,4 | 90 | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 93,6 | 90,3 | 89,4 | 88,8 | | |
| Andel fleirspråklege barn i forhold til alle barn | 17,9 | 24,5 | 19,7 | 16,2 | | |
| Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvi. | 5,7 | 4,9 | 4,8 | 4,8 | | |
| | Landet Suldal | | | | | |
| Skule | 2021 | 2019 | 2020 | 2021 | | |
| Gjennomsnittlige grunnskulepoeng | 43 | 43,6 | 43,6 | 43,3 | 43 | |
| % elevar i grunnskulen som får spesialundervisning | 7,9 | 7 | 6 | 5,6 | 5 | |
| % elevar meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver, lesing 8kl | 72,5 | 77,5 | 67,4 | 81,5 | 75 | |
| % elevar mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver, regning 8kl | 68,7 | 75 | 91,1 | 79,2 | 75 | |
| Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO | 55,1 | 46,6 | 45,7 | 42,1 | | |
| | Landet Suldal | | | | | |
| Pleie og omsorg | 2021 | 2019 | 2020 | 2021 | | |
| Brukerrettede årsverk i omsorg med helseutdanning | 78,3 | 85,3 | 84,9 | 84,5 | | |
| Mottakarar av heimetenester i % 80 år og eldre | 28,7 | 32,5 | 35,7 | 30,7 | | |
| Bur på sjukeheim i % 80 år og eldre | 10,8 | 7,9 | 4,2 | 8,3 | | |
| Brukbarar med dagaktivitetstilbod i % 67-79 år | 0,7 | 3,33 | 2,8 | 2,6 | | |
| Årsverk i helse og omsorg per 10.000 innbyggjarar | 319 | 468,2 | 483,3 | 481 | | |
| Utgifter per oppholdsdygn i institusjon (kr) | 4449 | 5 332 | 6 700 | 6 724 | | |
| Brutto driftsutg, heimebasert (254) per brukar | | 366 000 | 352 000 | 370 000 | | |
| | Landet Suldal | | | | | |
| Kultur | 2021 | 2019 | 2020 | 2021 | | |
| Barn på kulturskulen i % av alle barn | 13,3 | | | 25,8 | | |
| Besök i folkebibliotek per innbyggjar (antall) | 3 | | | 5,5 | | |
| | Landet Suldal | | | | | |
| Plan, byggesak og miljø | 2021 | 2019 | 2020 | 2021 | | |
| Gj.snitt saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dagar) | 42 | 32 | 48 | 45 | | |
| Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dagar) | 18 | 13 | 14 | 12 | | |



Elevane på Vanvik oppvekssenter går på barneskule i Sauda skuleåret 2022/2023.
Erfjord skule: inkludert elevar i frå Jøsenfjorden.



Elevane på ungdomstrinnet på Nesflaten går på Sand skule skuleåret 2022/2023.



Det vil bli nedgang i barnehageplassar frå hausten 2023 på grunn av låge fødselstal. Det blir ikkje fanga opp av statistikken.

4 barn frå Nesflaten oppvekstsenter går i Vinjar barnehage.

Finansielle nøkkeltal

| Finansielle måltal | | 2019 | 2020 | 2021 | Mål |
|---|---|------|------|------|--------|
| Netto driftsresultat / brutto driftsinntekt | % | 9,9 | 5,7 | 19,2 | > 4,5 |
| Langsiktig gjeld* / brutto driftsinntekter | % | 54,4 | 52,6 | 44,2 | < 65,0 |
| Disposisjonsfond (alt) / brutto driftsinntekt | % | 35,0 | 33,5 | 42,4 | > 10,0 |

Merknad: *ex pensjon og formidlingslån

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er overskotet til kommunen. Eit godt resultat kan me sette av til fond eller nytte til investeringar. På grunn av våre variable kraftinntekter og høge investeringsnivå bør nivået vere på over 4,5% over tid. (Teknisk beregningsutval tilrår 1,75% for «normalkommunen»)

Langsiktig gjeld

KS tilrår ikkje lengre eit eksakt tal på gjeldsnivå. Det vil avhenge av størrelsen på driftsresultatet og størrelsen på disposisjonsfondet. På landsbasis ligg gjeldsgraden utanom Oslo på 117%. Det er for høgt i følgje KS, som er uroa over den aukande gjeldsbelastninga i kommune-Noreg. Gjeldsnivået i Suldal bør vere under 65 % for å ikkje få for høge rente- og avdragskostnader i framtida

Disposisjonsfond

Suldal set av midlar til framtidige prosjekt og som buffer. Våre kraftinntekter kan variere med 100-300 millionar kr årleg. Det gjer at ein må ha høgare disposisjonsfond enn mange andre for å kunne takle svingingane.

Innspel frå verksemder, lag og organisasjonar

Kyrkja i Suldal

Driftsbudsjett:

Suldal kyrkjelege fellesråd vil søkja om same prosentvise auke på lønn og driftsutgifter som dei kommunale etatane for 2023. Ein søker også om ei vidareføring av prosjektet Opne kyrkjer med kr 50.000 i tilskot frå konsesjonsavgiftene

Investeringar:

Søkjer om kr 2.000.000 til samanbygging av Sand kyrkje og Sand bedehus i 2024.

Betalingssatsar:

Framlegg om å auka avgift for gravfeste frå kr. 130 pr grav pr år til kr 150 pr grav pr år.

Svar:

Det vert lagt inn auke på 3,7% (deflator) i høve driftsbudsjettet. Opne kyrkjer er lagt inn som eit fast tilskot med kr. 50.000 pr. år. Det er ikkje lagt inn midlar til investering.

Avgifta for gravfeste vert auka til kr. 150 pr grav pr år.

Ryfylkemuseet

Vi tillèt oss å søkja om ei vidareføring av driftstilskot for 2023 med justering for løns- og prisstiging.

I tillegg søker vi kommunen om å vidareføre engasjementet sitt i dei to store prosjekta som fekk støtte i 2021 og 2022.

- *Etablering av Ryfylke bygningsvernssenter. Ryfylkemuseet søker Suldal kommune om utviklingsstøtte på kr 1 250 000 til utviding av Stålhallen i 2023. Vi ber også kommunen om tillating til å kunne bruke tilsegn gitt for 2021 og 2022, til tross for at spleiselaget ikkje blir slik det var opphavleg skissert.*
- *Vi ber kommunen om nytt tilskott til restaurering av MS Suldal i 2023 på kr 750 000.*

Svar:

Tilsegn frå 2021 og 2022 vert overført til 2023 med kr 500 000 frå 2021 og kr 250 000 frå 2022.

- Det vert ikkje tilrådd justering for løns- og prisstigning.
- Det vert tilrådd tilskot kr. 1 000 000 frå konsesjonsavgiftene til bygningsvernssenteret i 2023.
- Det vert tilrådd tilskot kr. 500 000 frå konsesjonsavgiftene til MS Suldal i 2023.

New Kaupang

New Kaupang har som formål å legge til rette for næringsetableringer, hovedsakelig innenfor kraftkrevende industri, basert på fornybar energi som kan skape nye grønne, bærekraftige arbeidsplasser i Rogaland. Vårt fokus er å finne, assistere med å utvikle og markedsføre tomter til nasjonale og internasjonale prospekter.

Medlemsavgiften for kommunene holdes uendret i perioden frem til 2024. Det betyr at det også for 2023 er medlemsavgift pr. kommune kr. 100.000-, (eks mva) hvor alle kommuner betaler likt uavhengig av størrelse.

Svar:

Tilrår å vidareføra medlemskapen i 2023 - kr 100 000 frå konsesjonsavgiftene i 2023

Kloppå Egedom AS

Kloppå Egedom AS planlegg endring av flytebrygge-anlegget / båthamna.

Planane er:

**Forbetra og utvida flytebryggeanlegget / båthamna med ny brygge / bølgedempar og flytta den eksisterande bryggja, slik det går fram av vedlagt skisse.*

*Byggja om og oppdatera butikken innvendig

*Fornya drivstoffanlegget.

Denne investeringa er eit stort løft for Kloppå Egedom AS. Me vonar at Suldal kommune ser nytten av dette både for allmenheten og styrking av næringsverksemda i Vatlandsvatnet, og kan bidra med støtte til dette! Me søker difor om kr. 300.000,- tilskot / støtte.

Kostnaden er rekna til kr. 1 640 300 eks mva. Finansieringa er planlagt med tilskot frå Suldal Kommune med kr. 300 000, resten eigenkapital/eigeninnsats og banklån.

Svar:

Tilrår kommunalt tilskot - kr 300 000 frå konsesjonsavgiftene i 2023

Kommunestyret 15.12.2022: Flytebrygge på Ropeidhalvøya, auka tilskot kr. 370 000,- frå driftsmidlar i 2023.

Nesflaten Egedom

Nesflaten Egedom eig Dampen Gjestehus som ligg sentralt plassert nær sentrum av Nesflaten og kaien.

Nesflaten manglar gode båtplassar og me ser på ei investering i flytebrygge som ein viktig del av tilrettelegginga for auka aktivitet på Suldalsvatnet.

Flytebrygga vil vera ein viktig del av næringsutviklinga på Nesflaten, men det er i tillegg eit viktig aspekt med tanke på å styrka attraktiviteten til Nesflaten og Øvre Suldal. Eit viktig moment for oss er at flytebrygga vil vera godt synleg frå Rv13, det vil vera svært god markedsføring og synleggjera kopplinga mellom båtliv og Suldalsvatnet på ein god måte.

Flytebrygga er kostnadsrekna til kr. 1 100 000 eks mva. Etter at søknaden vart sendt er det kome til prisauke på kr. 95 000. Det vert søkt om at dette vert teke omsyn til i handsaminga.

Finansieringa er lån i bank kr. 300 000, eigenkapital kr 250 000, eigeninnsats rekna til kr. 100 000 , tilskot Suldal kommunale næringsfond kr. 100 000 og tilskot frå Suldal kommune kr 350 000.

Svar:

Tilrår kommunalt tilskot – kr 400 000 frå konsesjonsavgiftene i 2023

Suldal idrettslag

Suldal IL ønskjer å bygga eit nærmiljø – og fleiridrettsanlegg i Prestavikjo for å utnytta det flotte området til meir enn fotball. Me ønskjer at det skal vera mogleg for alle innbyggjarane våre å bruka Prestavikjo til ein aktivitet som er tilpassa deira interesser, ferdigheter og mobilitet, både uorganisert, men ikkje minst til uorganisert treffpunkt i bygda. Planane starta enkelt, med tankar om tribune og 3'arbanar til fotball, men har stadig vakse seg større slik at det nå er eit stort og unikt prosjekt.

*Sum for alt som er tenkt i anlegget inkl mva er på 9,7 million kroner. **Suldal kommune sin tredjedel av spelemiddelanlegga er på om lag 2,8 million kroner.** Ikkje alle delane av anlegget blir dekka av spelemidlar. Spelemidlane som kan bli løyst ut på anlegget er på i overkant av 3 million kroner. Sjå vedlegg. Utover hausten vil Suldal IL få svar på sine søknadar, slik at ein mot slutten av året veit kor mykje me manglar for å få løyst ut spelemidlane.*

Om Suldal kommune hadde gått inn for å dekka det Suldal IL manglar, så hadde det vore stort for oss! Ein kan anslå ein sum mellom 1,5-2 million kr som ei ekstra investering for kommunen

Svar:

Tilrådinga er: Spelemiddelanlegg på Suldalsosen med samla kostnad 9,7 millionar kr.; Spelemidlar utgjer 3,130 millionar kr. som Suldal kommune forskotterar med 1,5 millionar frå spelemiddelfond og 1,630 frå driftsmidlar i 2023.

Suldal sin del av spelemiddelprosjektet 2,820 millionar vert dekt av bruk av konsesjonsavgift 2023

I tillegg legg ein inn ekstra løyving med 0,5 millionar kr. i 2024 som også vert dekt av konsesjonsavgiftene.

Kommunestyret 15.12.2022: I tillegg til forslag frå kommunedirektøren, legg me inn kr. 345 000,- i forskotering spelemiddel, kr. 300 000,- i tilskot og 1,5 millionar kr. i forskotering momskompensasjon som sikkerheit for prisauken. Avsett investering i 2024 blir framskunda til 2023. Finansiering frå disposisjonsfondet.

Suldal Fjellstyre

Søknad om midlar frå Suldal kommune til restaurering/påbygg av hytte i Grottdalen på Suldal statsallmenning.

Me vil med dette søkje om kr. 600 000,- i støtte frå Suldal kommune.

Byggekostnad er rekna til kr 1 700 000

Finansieringsplan: Støtte frå grunneigarfondet kr. 510.000, dugnad kr. 80 000, eigne midlar kr. 510 000, støtte frå Suldal kommune kr. 600 000.

Svar:

Frå informasjonen på heimesida til Suldal Fjellstyre:

Fjellstyret disponerer fire hytter som blir utleide. Det ligg to i Steinkilen, og ei kvar på Grottdalsneset og i Breiavad. Alle hyttene er godt utstyrte med propan, ved, solcellepanel, service etc. Reglar og pris for leige av hyttene: Pris for overnatting: Busett i "gamle Suldal kommune": kr 100,- Andre kr 200,- Born (under 16 år) gratis.

Tilråding er støtte med kr. 600.000 frå konsesjonsavgiftene i 2023 på vilkår av at prisane for overnatting i hyttene til fjellstyret vert dei same for alle innbyggjarar i Suldal kommune.

Sand Sanitetsforeining

Sand Sanitetsforeining ønskjer å starta opp med sosial møteplass for ungdom frå 13 – 18 år.

Me ønskjer å be kommunen om støtte til ein stor skjerm og lydplanke dei kan logga seg inn på. Bygget har Internett tilgang.

Søkjer om støtte kr. 50.000

Svar:

Tilår støtte med kr. 50.000 frå konsesjonsavgiftene i 2023

Bedehuset Betel, Erfjord

Me er godt fornøgd med «nye» Betel som vart tatt i bruk i 2019, og takkar for den avgjerande støtta me fekk frå Suldal kommune for å klare å realisere ei så omfattande oppgradering av bygget.

Prosjektet vart gjennomført med stor dugnadsinnsats, og finansieringa vart også ei form for dugnad. Det er no bruksforbod på heisen i Betel. Budsjettpris på ny heis i same heisesjakt er om lag kr 300.000,- (enklaste type).

Me ynskjer difor å stenge heisen permanent, og bygge ein ny utvendig rampe som vil kunne erstatte heisen. Budsjettpris for ny rampe er mellom kr 300.000-350.000,-

For å sikre at me har tilstrekkeleg økonomisk handlefridom til å kunne fortsetje arbeid med bygging av rampe (sekundært ny heis + ferdigstille utvendig trapp) søker me difor om økonomisk støtte frå kommunen på kr 250.000,-.

Svar:

Tilår støtte med kr. 100.000 frå konsesjonsavgiftene i 2023.

Suldal Idrettslag

Idrettslaget søker om driftsstøtte til snøproduksjonsanlegget for 2023 på kr. 200 000,- Snøproduksjonsanlegget har mange positive verknadar for Suldal IL, der ein sikrar eit aktivitet- og treningsstilbod for medlemmene allereie tidleg i sesongen i snøfattige vintrar. Det gjer dei også betre i stand til å arrangera skirenn og treningssamlingar. Samstundes gir anlegget positive ringverknadar langt utover idrettslaget sin aktivitet, så som Folkehelse, Leirskule, Hyttedestinasjonar og Turisme.

Svar:

Tilrår støtte med kr. 200 000 frå kommunale midlar i 2023.

Røldal grunneigarlag

Vi søker hermed om kr. 580.000.-frå kvar av kommunane Suldal og Ullensvang til prosjektet:
RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP! Arbeidet omfattar vassdragsanlegga i Røldal og øvre Suldal.(tidlegare Røldal-Suldal Kraft AS)

Svar:

Tilrår avslag på søknad om tilskot.

Suldal kommunale næringsfond

Forslag til styrking av Suldal kommunale Næringsfond

Fondet har vorte sterkt redusert gjennom vedtektsendringar, ref. brev av 11. mars 2021 «Visar til dei opphavelege vedtekten av 1967, der fondskapitalen skulle vera 4 mkr, som i dag ville utgjort 48,7 Mkr, mens dette vart redusert til 350 000 kr i 1969, som i dag ville utgjort 3,4 Mkr»

Konklusjon frå styret:

- Styret ber om årleg bidrag av konsesjonsavgiftsmidler på minimum 1 Mkr fram til etablering av nytt næringsfond. Dette for å kompensera for bortfall av kapitalavkastning
- Styret ber om å verta involverte i videre arbeid med etablering av nytt næringsfond
- Styret ber om dokumentasjon på kommunestyrevedtak for vedtekter av 1977

Svar:

Tilrår avslag på søknaden.

WindWorks Jelsa AS

Det er trøng for meir midlar til arbeidet med å førebu reguleringsplanen for industriområdet, samt starten av reguleringsarbeidet for ny vegløsing.

Dei tre eigarane blir derfor oppmoda til å auka sin eigardel med 2 million kroner kvar. Dersom Suldal kommune skal ha same eigardel vidare er det difor behov for innbetaling av 2 MNOK.

Svar:

Tilrår auke i Suldal kommune sin eigardel med kr. 2 million i 2023 som vert finansiert med overføring av midlar frå drift til investering.

Særlege tiltak i budsjett og handlingsprogram

I saka om sal av konsesjonskrafter til fastpris var eitt av kulepunktet i kommunedirektøren sitt framlegg som vart vedteke av kommunestyret dette:

- Tiltak i budsjett og handlingsprogrammet som kan tiltrekke fleire innbyggjarar og utvikle næringslivet i alle grendene i kommunen.

I budsjett og handlingsprogrammet er dette følgt opp gjennom 3 overskrifter;

- Suldalspakken
- Innbyggarpakken
- Klima -og miljøpakken

Kommunedirektøren nyttar med dette handlingsrommet i 2023 som auken i kraftpris gir oss. Dei fleste tiltaka er eingongstiltak. Dette er viktig å presisera då kraftprisen framover er svært usikker.

Suldalspakken er mynta på å trekkja til seg nye innbyggjarar gjennom å satsa på ulike tiltak rundt i heile kommunen. Tiltaka vil sjølv sagt også koma alle som bur i kommunen og besøkjer oss til gode.

Innbyggarpakken syner tiltak i budsjett og handlingsprogram som kjem alle som bur i kommunen til gode. Det same gjer innhaldet under overskrifta **Klima - og miljøpakken**.

Fleire av tiltaka er innspele som er komne frå grendeutvala i ulike samanhengar. Andre er innspele til budsjettet i år.

Suldalspakken

Leige for eige. Dette er eit konsept andre kommunar har satsa på i samband med å rekruttera nye innbyggjarar. Kommunen byggjer bustader for utleige. Desse kan seljast til leigetakaren om dei trivst og ynskjer å bu vidare i same bustaden.

Kommunedirektøren foreslår å nytta attraktive ledige tomter i kommunale byggefelt til føremålet der dette er mogleg. Utover i økonomiplanperioden er framlegget at alle grendene skal få slike utleigebustader.

Båtplass. I dei grendene det er praktisk mogleg kan båtplass følgje med i leigeavtale. Dette kjem då som eit ekstragode.

Tomtepris. Kommunen har mange opparbeidde tomter rundt i grendene og i kommunenesenteret på Sand. Fleire av dei har vore i marknaden lenge utan at det er særleg interesse for dei. I dei tilfella det har vore konkret kontakt om tomter vert denne ofte avslutta når tomteprisen vert presentert.

I handlingsprogrammet for 2022 er det eit handlingspunkt der kommunedirektøren vert beden om å greia ut om det er mogleg å laga ei støtteordning for kjøp av hustomt i bustadfelt der tomteprisen er over kr. 550.00 - Målet er å senka risikoen med å etablira seg i Suldal.

Kommunedirektøren har gjort ei samla vurdering av pris og etterspørsel og foreslår som eit konkret rekrutteringstiltak at tomteprisen for bustadtomter som Suldal kommune har opparbeidd skal ha makspris kr. 550.000 gjeldande i eitt år. Dette gjeld opparbeidingskostnader. I tillegg kjem det ein kostnad pr. m² pr tomt. Denne summen varierar frå bustadfelt til bustadfelt. Framlegget er at denne summen vert sett til kr. 30 pr m² for alle bustadfelt i 2023.

Laksefiske og småviltjakt. Kommunen eig eit vald med lakserett i Suldalslågen. Likeeins eig kommunen areal i Gullingenumrådet. I dag nyttar Suldal jakt og fiskelag desse ressursane. Dette ynskjer ein å halda fram med. Men begge desse ressursane kan også nyttast inn mot rekruttering av nye innbyggjarar.

Flytebrygger. I budsjettet er det teke med støtte til flytebrygger på Nesflaten og i Vatlandsvåg. Båtplasser er eit gode for alle.

Nærmiljøtiltak - Prosjekt Prestavikjo. Suldal idrettslag har søkt om støtte til eit grundig gjennomarbeida og spanande nærmiljøtiltak i Prestavikjo. Prosjektet tek i bruk dei ledige areala rundt kunstgrasbanen og vidare området rundt. Det er planlagt mange ulike tilbod som samla gir tilbod til dei fleste. Det vert i søknaden også poengert at Prestavikjo ligg sentralt til på Suldalsosen og i høve dei nærmeste grendene. Prosjektet har høg kostnad, kr. 9,7 mill. Dei fleste elementa i søknaden er

spelemiddelberettiga. Kommunedirektøren vurderer søknaden til å ha stor positiv innverknad på attraksjonskrafta til Suldalsosen og kommunen elles. Av den grunn vert det tilrådd både kommunal støtte med 1/3, samt forskottering av spelemidlar. I tillegg er det sett av ekstra løyving i 2024.

Kommunestyret 15.12.2022: I tillegg til forslag fra kommunedirektøren, legg me inn kr. 345 000,- i forskotering spelemiddel, kr. 300 000,- i tilskot og 1,5 millionar kr. i forskotering momskompensasjon som sikkerheit for prisauken. Avsett investering i 2024 blir framskunda til 2023. Finansiering fra disposisjonsfondet.

Ryfylkemuseet. Som vertskommune for Ryfylkemuseet gir Suldal kommune årleg både driftsstøtte og utviklingsstøtte. Det er også dei siste åra gitt prosjektstøtte til to prosjekt; Bygningsvernenteret og restaureringa av MS Suldal. Begge prosjekta har ringverknader for suldalssamfunnet og tilrådinga er å gi støtte også i 2023.

Fjellstyret – restaurering av jakthytta på Grottdalsneset. Jakt er viktig i Suldal. Fjellstyret søker om støtte til fornying av hytta på Grottdalsneset. Hytta er open for alle til liks med dei andre hyttene til Fjellstyret. Tilrådinga er å gi støtte på vilkår av at prisen vert lik for alle brukarane med bustadadresse i Suldal.

Rygjatun. Dei gamle folkehøgskulebygningane på Eide har husa toppvolleyelevar sidan oppstarten av Toppvolley i 2004. Me kjenner alle til suksesshistoriane til nokon av elevane. Toppvolley gir ringverknader for suldalssamfunnet gjennom aktivitet, arbeidsplassar og innkjøp. No trengst oppgradering av internatet. I samarbeid med Rogaland fylkeskommune er det lagt planar for dette. Det er lagt inn finansiering til nytt hybelbygg og trenarleilegheiter i budsjett og økonomiplan.

Straumstøtte og energieffektivisering. Det er vedteke straumstøtte til næringslivet og ei raus tilskotsordning til energieffektivisering for både innbyggjarar og næringslivet.

Skiløyper. Suldal idrettslag har tidlegare fått støtte til produksjonsanlegg for kunstsno i lysløypa ved Mosvatnet. Høg straumpris gjer at det er krevjande for idrettslaget å stå for snøproduksjonen, sjølv med støtte frå hytteforeiningar og andre. Søknad om driftsstøtte frå kommunen vert tilrådd.

Nærmiljøkart for Gulling. Suldal o-lag søker om tilskot til nytt kart for Gulling. Dette er eit spelemiddelprosjekt. Støtte vert tilrådd.

Fleire lærlingar: Lærlingar er eit viktig rekrutteringstiltak samstundes som det er ein viktig del av utdanninga for mange unge. Antal lærlingar i Suldal kommune vart auka frå 10 til 15 inneverande år grunna mange søkerar. Auken vert vidareført.

Framtidas kommunesenter

For at Suldal skal utvikla seg vidare og auka attraktiviteten for fastbuande, besøkjande og moglege tilflyttarar må ein ha visjonar og ambisjonar for eit sterkt og attraktivt kommunesenter på Sand.

Til tross for investeringar dei siste åra og føreståande opparbeiding av Bekkjatorget manglar ei heilskapleg satsing for kommunesenteret for alle innbyggjarar. Det må skapast eit levande sentrum som folk i alle aldrar ynskjer å opphalda seg i store delar av døgnet og heile året. Aktivitetar og tilbod må væra av ein slik art at "alle" vil innom sentrum.

Moglege tiltak:

- Opparbeiding av heilårlege bobilplassar
- Utvida småbåthavna, etablere flytande sauna
- Kjøp av sentrumsbygg, etablera torgboder og stimulera næringslivet til å utvikla små produksjonslokale mot torget. Med ein glasfasade mot sjøen tilrettelagt for ute- og inne servering, ligg det til rette for utleige til dei på kort eller lang sikt,
- Avklaring meieriet som næringsbygg
- Plass til turistinfo med lokalmat sal, kontorplassar, andre kontaktskapande aktivitetar, verksemder, nisjebutikkar, utleige av utstyr til ulike aktivitetar på land og sjø
- Dekorera fasadane i sentrum med "street art" eller liknande (konkurranse for utsmykking)

- Tilretteleggja for konserter og aktivitetar på torget (segl, glas-telt), nytta lydanlegget
- Utvikla laksestudio vidare
- Skapa møteplassar for ungdom som gjer at dei nyttar sentrum på ein positiv måte
- Vidare investeringar Sand sentrum nord mot Dalane
- Vurdera å leiga eller kjøpa lokale i Sand sentrum og utvikla desse til ein skaparverkstad for elevane ved ungdomskulen på Sand. Dette vil sikra areal til meir praktisk, variert og relevant undervisning som kan auka motivasjonen til ungdomane våre og gi ein meirverdi.

Innbyggarpakken

Framtidas omsorg er ei gjennomarbeida satsing for å møta framtida sine behov og krav. Det er fokus på heimebaserte tenester, men også på fornying av omsorgsbygga. Ny sjukeheim har vore ute på anbod og oppdaterte prisar er lagt inn i budsjett og økonomiplan. Det er også lagt inn midlar til fornying av Vinjarheim mot slutten av økonomiplanperioden.

Kulturhuset runda 20 år i år og det melder seg behov for fornyingar. Det er lagt inn midlar til forprosjekt slik at forningsbehov kan planleggast.

Kinomaskin og lydanlegget på kulturhuset må fornyast. Det er lagt inn midlar til dette.

Suldalshallen treng fornying. Det er lagt inn midlar til dette mot slutten av økonomiplanperioden.

Lokaldemokratiprosjektet som er starta opp har målsetjing om å forbetra grendeutvalsordninga, forbetra kommunikasjonen med innbyggjarane gjennom digitale løysingar og sjå på fysiske møteplassar. Digitale skjermar skal koma opp i alle grendene og på Bekkjatorget på Sand.

Digitale løysingar gjennom samarbeidsprosjekt i RIKS (Ryfylke it samarbeid). Her er mange prosjekt på gong; innbyggardialog, digital konsultasjon, digital heimeoppfølging, digi-helse, mi side og min kommune for å nemna nokre. Heimesida til kommunen skal oppgraderast og gjerast visuelt attraktiv og lett å navigere i. I tillegg har Suldal ny digital oppmålingsløysing ved kartforretning,

Nærmiljøanlegg i tilknyting til Suldal bad. Enkel treningspark og nytt pumptrack-anlegg skal etablerast. Kostnader er lagt inn i budsjett og økonomiplan.

Klima -og miljøpakken

Elbilladar – Gullingen og Suldal bad. Det er etterspørsel etter ladepunkt for el-bilar. Hyttesuldølen ettersør ladepunkt på Gullingen og kundane til Suldal bad ved badet. Begge deler er lagt inn i budsjett og økonomiplan.

[Kommunestyret 15.12.2022: Kommunalt bidrag til Elbilladar på Sand med 0,5 millionar kr. i 2023. I samarbeid med Fagne og Enova.](#)

[Kommunestyret 15.12.2022: Vurdera el-ladarar i grendene i samarbeid med det lokale næringslivet og Enova. \(2023\)](#)

Energitiltak – det er sett av tilskot til energieffektiviserande tiltak i heile økonomiplanperioden, jf kommunestylesak 61/22. Innbyggjarar, hyttesuldølen og næringslivet kan få tilskot til varmepumpe, solcelle og omn. Innbyggjarar og næringslivet kan i tillegg få tilskot til etterisolering. Kommunen dekker i ordinære saker opptil 50% av rekninga. Vanskelegstilte kan få dekka opptil 90% av kostnaden for ei luft-luft-varmepumpe. Det er ei svært gunstig og treffsikker ordning for energieffektivisering.

Miljøtiltak i elvar og bekkar. Det er lagt inn ein mindre sum i spleiselag til bruk for å få i stand miljøtiltak i fleire elvar og bekker.

Solcelletak – det er i økonomiplanen lagt inn midlar til å investera i solcelletak på kommunale bygningar.

Økonomiplan 2023-2026

Under følger økonomiplan for 2023-2026. Signalene i Statsbudsjettet legg til grunn for forventa pris og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskot. Økonomiplanen blir lagt fram i faste 2023 prisar. Økonomiplanen byggjer elles på handlingsprogrammet og andre politiske føringer.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 DRIFT

(Brutto/nettorammer i samsvar med oppstilling (2023-kroner, summar i heile tusen))


| Rammeområde | Budsjett | | | | Økonomiplan | | |
|-------------------------------------|-----------------|-------------------|-----------------|-------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | 2022 | 2022 | 2023 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| | Brutto | Brutto/ netto. | Brutto | Brutto/ netto. | Brutto | Brutto | Brutto |
| Skatt på inntekt og formue | -162 259 | | -165 410 | -166 410 | -166 410 | -166 410 | -166 410 |
| Rammetilskot | -128 726 | | -52 542 | -143 627 | -143 451 | -143 451 | -143 451 |
| Eigedomsskatt | 7 500 | | 7 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 |
| Eigedomsskatt | -123 400 | | -131 000 | -131 000 | -128 000 | -128 000 | -128 000 |
| Konsesjonsavgifter | -28 635 | | -29 485 | -29 485 | -31 507 | -31 507 | -31 507 |
| Inv. komp. skule/omsorg/kyrkja | -600 | | -600 | -600 | -600 | -600 | -600 |
| Overf. Havbruksfondet | -3 400 | | -3 400 | -3 400 | -3 400 | -3 400 | -3 400 |
| Sal av konsesjonskraf | 3 223 | | 22 332 | 7 732 | 7 732 | 5 232 | |
| Sal av konsesjonskraf | -30 000 | | -221 000 | -75 000 | -75 000 | -50 000 | |
| Disponible inntekter | -466 297 | | -573 605 | -534 290 | -533 136 | -510 636 | |
| Renteinntekter | -5 625 | | -5 625 | -5 625 | -5 625 | -5 625 | -5 625 |
| Rogaland Fylke, amortisering | -900 | | -500 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utbytte frå Haugaland Kraft | -5 500 | | -7 500 | -7 500 | -7 500 | -7 500 | -7 500 |
| Kursgevinstar /utbytte pengepl.m.m. | -3 000 | | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| Renteutgifter | 6 025 | | 11 686 | 10 215 | 11 235 | 12 046 | |
| Avdrag på lån | 27 750 | | 23 018 | 23 153 | 26 002 | 30 033 | |
| Ulla/Førre nær.fond, utlån | 3 000 | | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | |
| Ulla/Førre nær.fond, avdrag | -2 000 | | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 | |
| Sosiallån, utlån | 250 | | 250 | 250 | 250 | 250 | |
| Sosiallån, avdrag | -192 | | -192 | -192 | -192 | -192 | |
| Netto finansinnt./-utgifter | 19 808 | | 19 137 | 18 301 | 22 170 | 27 012 | |
| Motpost avskrivningar | -35 069 | | -35 069 | -35 069 | -35 069 | -35 069 | |
| Motpost kalkulatoriske renter | -3 395 | | -3 395 | -3 395 | -3 395 | -3 395 | |
| Avsetjingar: | | | | | | | |
| Disposisjonsfond | 1 659 | | 1 684 | 684 | 684 | 684 | |
| Bundne driftsfond | 6 050 | | 50 | 50 | 50 | 3 237 | |
| Bruk: | | | | | | | |
| Disposisjonsfond | -9930 | | -84823 | -99805 | -26618 | -650 | |
| Bundne driftsfond | -16402 | | -8902 | -15484 | -1062 | -1062 | |
| Netto avsetning | -18 623 | | -91 991 | -114 555 | -26 946 | 2 209 | |
| Overf. til invst. driftsm. | 12 407 | | 122 629 | 147 016 | 67 895 | 15 973 | |
| Overf. til invest. Konsesj.avg. | 21 844 | | 23 445 | 36 587 | 24 187 | 21 000 | |
| Overf. til invest. Utbytte | 5 500 | | 7 500 | 7 500 | 7 500 | 7 500 | |
| Til fordeling drift | 0 | -463 825 | 0 | -531 349 | -477 905 | -476 794 | -475 406 |

| Rammeområde | Budsjettramer | | Budsjettramer | | Økonomiplan | Økonomiplan | Økonomiplan |
|----------------------------------|----------------|-------------------|----------------|-------------------|---------------|----------------|----------------|
| | B 2022 | B 2022 | B 2023 | B 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| | Brutto | Brutto/ netto. | Brutto | Brutto/ netto. | Brutto | Brutto | Brutto |
| Utgiftene er inkl. avskr. | | | | | | | |
| Kommunedirektøren | 96 767 | 90 111 | 10 973 | 10 705 | 11 717 | 11 466 | 11 466 |
| | -6 656 | | -268 | | -417 | -367 | -367 |
| Økonomii og organisasjon | | | 80 196 | 77 382 | 34 776 | 35 331 | 35 331 |
| | | | -2 814 | | -2 764 | -2 764 | -2 764 |
| Kommunekassen | | | 20 540 | 16 847 | 20 150 | 20 250 | 20 250 |
| | | | -3 693 | | -3 693 | -3 693 | -3 693 |
| Organisasjon og innbyggarkontakt | | | 25 734 | 23 334 | 25 769 | 25 769 | 25 769 |
| | | | -2 400 | | -2 400 | -2 400 | -2 400 |
| Skatt og finans | 707 | 622 | 791 | 645 | 791 | 791 | 791 |
| | -85 | | -146 | | -146 | -146 | -146 |
| Politiske organ | 6 164 | 5 933 | 6 831 | 6 592 | 6 568 | 6 568 | 6 568 |
| | -231 | | -239 | | -239 | -239 | -239 |
| Sum Formannskapet | 103 638 | 96 666 | 145 065 | 135 505 | 99 771 | 100 175 | 100 175 |
| | -6 972 | | -9 560 | | -9 659 | -9 609 | -9 609 |
| Overord. Oppvekst | 17 081 | 13 548 | 19 272 | 15 666 | 14 426 | 15 350 | 13 924 |
| | -3 533 | | -3 606 | | -3 521 | -3 803 | -3 554 |
| Indre Ryfylkte PPT | 6 440 | 3 007 | 6 827 | 3 391 | 6 427 | 6 427 | 6 427 |
| | -3 433 | | -3 436 | | -3 236 | -3 236 | -3 236 |
| Stølane barnehage | 6 124 | 4 910 | 7 451 | 6 352 | 7 451 | 7 451 | 7 451 |
| | -1 214 | | -1 099 | | -743 | -743 | -743 |
